



Tingvoll, 29.8.2020

Miljødirektoratet  
v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal

## **KLAGE – FELLINGSLØYVE PÅ SKADEGJERANDE JERV I FJORD KOMMUNE**

Vi viser til dykkar ref 2020/3864.

Naturvernforbundet klagar på vedtak om forlenga skadefellingsløyve, dagsett 26.8.2020, gjort kjent på Miljøvedtaksregisteret 29.8.2020. Vi ber om at det blir gjort om til avslag.

Dette er eit vedtak om skadefelling i forvaltingsområdet for jerv, som det var i vedtak 24.8. og 14.8.2020. Det har også vore gjeve skadefellingsløyve i Rauma kommune i forvaltingssona tidlegare i sommar.

Det blir i siste vedtaket vist til at våren kom seint i år og at sauene difor må beite lenger i fjellet fordi det ikkje er ettervekst til no nede i bygda. Dette er til hinder for nedsanking. Viss ein skal tenkje slik, vil ein dermed kunne skyte ned viktige rovviltstammer med få års mellomrom fordi sauene må få beite i forvaltingsområda. Ein slik måte å forvalte jerv på er heilt umogleg og langt frå i samsvar med forvaltingsplanen. Etter det vi veit vil det vere råd å få kjøpt grasballar i år, slik at sau kan fôrast ei veke eller to. Etter det vi veit er det umogleg å få kjøpt ein jerv eller to som kan sleppast ut når sauene har kome seg heim.

Elles er etterveksten avhengig av temperatur. Det er ingen automatikk i at etterveksten held fram ekstra lenge i haust, som følgje av at våren kom seint. Blir etterveksten beita for seint og hardt, vil den gå ut over veksten til våren. Då vil andreslåttene i 2021 bli seint og etterveksten kome seint i gong ...

Etter det vi har registrert har det vore eit smånagarår i alle fall ikkje over normalen i Midt-Noreg. Det er difor sannsynleg at jerven ser seg om etter mat for tida, og kanskje er litt meir svolten enn elles.

Vi viser elles til våre klager 20.8. og 25.8.2020 og klage på skadefellingsløyve i Rauma tidlegare i sommar.

Vi vil elles seie at kunngjeringspraksisen i denne saka er utidig. Vedtaket er gjort 26.8. etter e-post frå Fjord kommune 25.8. Vedtaket blir lagt ut på Miljøvedtaksregisteret laurdag ., 29.8.2020. Dei som vil skadefelle får avgjerd etter kort tid, og kjennskap til det før løyvet går ut. Vi som har klagerett får klaga vår avgjort etter månader, og får heller ikkje vite om vedtaket før det går fleire dagar, og då på ein laurdagsmorgon når ingen kan ta stilling til krav om oppsetjande verknad av klaga.

Det går heller ikkje fram av Fylkesmannen sitt vedtak at dei to førre vedtaka i saka er klaga på, og at kvotevedtaket i forvaltingsområdet også er klaga på. Dette er ikkje heilt uvesentlege moment for saka si opplysning.

**Oppsetjande verknad**

Vi ber om at klaga vår får oppsetjande verknad. Det er no endå kortare tid til ordinær sankedato enn ved sist klage.

Med helsing

Øystein Folden  
Leiar

Kopi:  
Miljødirektoratet  
Klima- og miljødepartementet